



Rolf Myklebust takkar for seg som båtgleiar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedal Båtlag skal ha årsmøtet sitt måndag 7. februar på Stemneplassen og det ligg abn til ein omfattande utskifting i styret. 3 av dei 5 styremedlemmene takker for seg og valkomiteleiar Sigurd Myklebust har no ein krevjande jobb med å skaffa erstattarar.

Dei som no går ut av styret er leiar og hamnevert Rolf Myklebust, styremedlem og hamnevert Rune Myklebust og kasserar Frode Ludviksen medan Endre Nilsen og Gunnar Leite blir ståande att i styret. Dei er ikkje på val.

Rolf Myklebust trekker seg etter 3 år i styret og 2 år som leiar og begrunnar at han går med at vervet er svært arbeidskrevjande.

Årsmøtet skal elles behandla forslaga om at berre medlemmer med båtplass skal ha stemmerett og at innbyggjarane i Uskedalen skal ha forkjøpsrett ved sal av båtplass. Det første forslaget blir fremma for å forhindra at nokon kan samle stemmer og gjennomføra eitt 'kupp' på årsmøtet.

- Og kva ligg bak det andre forslaget, Rolf Myklebust?
 - Det er ikkje lett å få folk til å sittja i styret og også vanskeleg å få folk med på dugnad. Dette blir enda meir problematisk jo fleire som kjem utanfrå og ikkje er frå Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen

